

## Forbønsgudsteneste<sup>1</sup>

- 1 Vil ein halda forbønsgudsteneste, bør ein gjera det nokolunde regelfast, særleg om ein og nyttar handspålegging.
- 2 Det er viktig at kyrkjelyden får naudsynleg informasjon på førehand, og at ein førebur gudstenesta omhugsamt.
- 3 I samband med Forbønsgudsteneste bør det vera eit fast og kunngjort høve til samtale og sjelesorg.
- 4 Oppmoding om forbøn rettarein til liturgen føreåt, skriftleg eller munnleg.
- 5 Når ein bed for personar, nyttarein namnet berre når vedkomande har bede om det eller har gjeve klårt samtykke.
- 6 Ordninga Forbønsgudsteneste kan nyttast åleine eller saman med andre ordningar, som t.d. Nattverdgdusteneste utanom høgmissa. I så fall bør forbønsdelen koma fyrst, og han sluttar til vanleg med ledd 8 **Takkebøn**.
- 7 I særlege høve kan ledda 7-8 i Forbønsgudsteneste koma i staden for **Forbøn** i andre gudstenesteordningar.

---

<sup>1</sup> Denne liturgien er trykt i «Gudstenestebok for Den norske kyrkja, del I Gudstenester», utgjeven i 1992. Bibeltekstane er henta frå Den norske bibelselskapet si 2024-oversetting. Fadervår er frå 2011, men har lenke til oversetjingane fra 1985 oog 1938.

## 1 | Inngang

### Inngangssalme

### Inngangsord

**L** frå lesepulten | Herrens fred vere med dykk alle.

Deretter kan liturgen seia nokre innleiingsord ut frå Matt 11,28(-30), eller 18,19-20, eller Fil 4,6-7, t.d. slik:

Gods ord oppmodar oss til at vi ikkje skal ha sut for noko, og innbyd oss til å leggja alt vi har å be om, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing. Når vi gjer dette, kan vi vera visse på at Gud alltid høyrer oss. Han vil svara, i si tid og på sin måte.

[Dette tek ein med berre når liturgen veit at det vert aktuelt:

**L** | I bønene våre i dag vil vi nemna *einskilde* med namn, etter *deira* *eige* ynske.]

Liturgien kan deretter be en bønn, f.eks. denne:

**L** | Herre, du har lova å vera midt imellom oss når vi er samla i ditt namn. Kom til oss, Jesus, ver nær oss med frelse og lækjedom. Send oss, Gud, din Heilage Ande, og gjer oss opne for deg, så vi tek imot di hjelp og velsigning.

**M** | **Amen.**

## 2 | Tekstlesing

Her vert det lese ein eller to tekstar eventuelt med em salme imellom.

Som høvelege tekstar kan nemnast: Sal 23; Sal 103,1-4; Matt 9,1-8; Rom 8,22-28; 2 Kor 12,7-10; Ef 3,14-21; Kol 1,24-27(-29); 1 Tim 2,1-4; Hebr 4,14-16

Tekstaesningen tek til med  
Det står skrive ...

Kyrkjelyden reiser seg.

Tekstlesningen kan slutta med  
Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden set seg.

## 3 | Preike

Frå preikestolen, eventuelt frå lesepulten

## 4 | **Truvedkjening**

L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Kyrkjelyden reiser seg.

**A | Eg trur på Gud Fader, den allmechtige,  
som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einborne Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den Heilage Ande,  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
fór ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
fór opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader,  
skal koma att derifrå  
og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den Heilage Ande,  
ei heilag, allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage,  
forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen og evig liv.**

**Amen.            DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA**

Notar, sjå side 38.

Kyrkjelyden set seg.

## 5 | **Bønesalme**

## 6 | **Synsvedkjening**

L ved altaret, vend mot kyrkjelyden | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

Liturgen kneler, vend mot altaret.

Kyrkjelyden kan knela i benkene, der tilhøva ligg til rette for det.

**ANTEN A**

Gud, ver meg syndar nådig!  
Eg har såra deg og svikta nesten min  
- med tankar og ord,  
med det eg har gjort,  
og med det eg har forsømt.

Tilgjev meg syndene mine for Jesu Kristi skuld.  
Skap i meg eit reint hjarta,  
og gjev meg kraft til nytt liv ved din Heilage Ande.

### ELLER B

Salmen kan lesast av liturgen eller i veksling mellom liturgen og kyrkjelyden.

L | Herre, refs meg ikkje i din vreide, straff meg ikkje i din harme!

K | **Ver meg nådig, Herre, for eg er kraftlaus.**

L | Læk meg, Herre, kroppen skjelv av redsle,

K | **mi sjel er gripen av frykt.**

L | Herre, kor lenge?

K | **Vend deg hit, Herre, og fri meg ut, frels meg i di miskunn!** SAL 6,2-5

### ELLER C

Salmen kan lesast av liturgen eller i veksling mellom liturgen og kyrkjelyden.

L | Skund deg og svar meg, Herre,

K | **mi ånd går til grunne.**

L | Løyn ikkje andletet for meg,

K | **elles blir eg lik dei som går i grav.**

L | Lat meg høyra om di miskunn om morgonen,

K | **eg set mi lit til deg!**

L | Lær meg den vegen eg skal gå,

K | **for eg lyfter mi sjel til deg.**

L | Fri meg frå mine fiendar, Herre!

K | **Hos deg søker eg ly.**

L | Lær meg å gjera din vilje,

K | **for du er min Gud!**

A | **Lat din gode Ande leia meg på jamn grunn.** SAL 143,7-10

## 7 | **Forbøner**

I den einskilde gudstenesta kan ein nytta ei eller fleire forbøner fr fire bolkane I-IV.

L **vend mot kyrkjelyden** | Lat oss vända oss til Gud i bøn.

Liturgen vender seg mot altaret.

## I. Allmenne forbøner

### ANTEN **A**

Eit litani, for eksempel Norsk Salmebok 951-953

### ELLER **B**

Forbøn IV i ordninga Høgmesse

## II. Særlege forbøner

Aktuelle forbøner, formulerte på førehand

## III. Forbøner for einskildpersonar

Einskildpersonar kan nemnast med namn, eventuelt med konkretisering etter den åndelege og lekamlege situasjon dei er i, gjerne såleis:

at *han* må verta styrkt/hjelpt/lækt ...o.l.,

at *du* vil lindra/hjelpa/lækja ...o.l.

Det kan gjerast korte opphald, så kyrkjelyden stilt kan forma si eiga bøn. Forbønene nedanfor er døme på korleis ein kan be.

**L vend mot altaret** | Herre, allmektige Gud, du har skapt oss; du held oss oppe, og gjev oss det vi treng for å leva. Du har ved dåpen og trua sameint oss med Son din, Jesus Kristus, han som går iforbøn for oss ved trona i himmelen. I han kan vi stå framfor deg og gje oss over til deg med alt vi har. Vi bed for oss sjølve og for alle menneske i naud. Høyr vår bøn, og svar oss slik du finn det best.

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

**K | Herre, høyr vår bøn.**

**L** | Vi takkar deg for at du har gjeve oss sjel og lekam, alle våre sansar, evner og givnader. Vi bed deg at vi og alle menneske må bruka gåvene dine i teneste for deg og medmenneska våre.

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

**K | Herre, høyr vår bøn.**

**L** | Vi bed deg for lækjarar, sjukepleiarar, forskarar og alle som arbeider på sjukehus og i institusjonar. Gjev dei innsikt, kraft og styrke i tenesta.

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

**K | Herre, høyr vår bøn.**

**L** | Gud, du openberra di makt og din herlegdom i Son din, Jesus Kristus, og gav di kyrkje del i hans lækjande teneste. Vi bed deg, lat Den Heilage Andes kraft vera verksam i kyrkja, så Kristi lækjande gjerning kan gå fram imellom oss etter din vilje, og slik du ser det tener oss best.

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

## **K | Herre, høyr vår bøn.**

**L** | Vi takkar deg for dei sjuke som du har gjort friske. Vi bed om at dei alltid må setja si lit til deg, og takka deg for at du har gjort vel imot dei. Hjelp dei som ikkje har vorte lækte, så dei finn kvile i tillit til di omsorg. Hjelp oss alle til å tena og æra ditt namn.

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

## **K | Herre, høyr vår bøn.**

**L** | Vi takkar deg for Den Heilage Ande, som verkar i kyrkjelyden, for samfunn mellom alle truande, for omsorg og hjelp, og for at vi kan gå i forbøn for kvarandre.

[Vi bed særskilt for ... (Her nemner em innsende namn)]

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

## **K | Herre, høyr vår bøn.**

### **IV. Forbøn med håndspålegging**

**L vend mot kyrkjelyden** | Dei som ynskjer forbøn med håndspålegging, kan no koma fram til altarringen.

Etter at dei som ynskjer forbøn, er komne fram:

**L** | Lat oss be.

**L vend mot altaret** | Herre Jesus Kristus, du som tok sjukdomane våre på deg og bar plagene våre, gjev oss lækjedom ved dine sår. Du som rette ut hendene dine og lækte sjuke, korn nær til desse som søker di hjelp, og gjer med dei etter din heilage og gode vilje.

Liturgen legg deretter handa på hovudet til ein om gongen og seier:

#### **ANTEN A**

**L** | Må den oppstadne Herre Jesus Kristus gje deg, (namnet vert nemnt), fred, kraft og helse til lekam og sjel.

#### **ELLER B**

**L** | Må Gud, Den Heilage Ande, som er Herre og livgjevar, gje deg, (namnet vert nemnt), helse til lekam og sjel, og nyskapa deg ved trua til det liv som aldri forgår.

Ved håndspålegginga kan det syngjast salmar, eller det kan vera stilt.

**L seier til kvart knefall** | Fred vere med dykk.

## **8 | Takkebøn**

Når alle er komne attende til plassane sine:

**L vend mot kyrkjelyden** | Lat oss takka og be.

## **ANTEN A**

**L vend mot altaret** | Herre, vår Gud, vi takkar deg for at du i Jesus Kristus har sigra over alt det vonde, og i han vil løysa din skapning ut når tida tek slutt. Vi bed deg at vi må få del i det evige livet, fridde frå synd og sjukdom. Gjev oss kraft til å halda ut alle trengsler og lidingar medan vi er her i verda, så vi alltid kan takka og prisa deg, ved Jesus Kristus, din Son, vår Herre.

**K | Amen.**

## **ELLER B**

**L vend mot altaret** | Evige, gode Gud, vi takkar deg for at du ved din Heilage Ande er levande og verksam mellom oss i dag og. I dine hender gjev vi oss sjølve og alle dei som vi no har bore fram for deg i bøn. Du som verkar i oss med di kraft og kan gjera så mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar, deg vere ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus gjennom alle ætter og i alle æver!

**K | Amen.**

## **9 | Herrens bønn**

**A | Vår Far i himmelen!**

**Lat namnet ditt helgast.**

**Lat riket ditt koma.**

**Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.**

**Gjev oss i dag vårt daglege brød,**

**og tilgjev oss vår skuld,**

**slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.**

**Og lat oss ikkje koma i freisting,**

**men frels oss frå det vonde.**

**For riket er ditt,**

**og makta og æra i all æve.**

**Amen**

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

## **10 | Slutningssalme**

## **11 | Velsigning**

**L vend mot kyrkjelyden** | Ta imot velsigninga.

Kyrkjelyden reiser seg og vert ståande til postludiet tek til.

**L** | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. +

**K | Amen.**

Under den stille bøna som følgjer, slår ein tre gonger tre slag med ei av kyrkjeklokkene.

**L kan her halda fram** | Gå i fred. Ten Herren med glede.

**12 | Postludium**

Under postludiet går liturgen frå altaret.